



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

# VURDERINGSRAPPORT

## TØRVIKBYGD SKULE



**27/10 – 30/10 2008**



## 1 – Føreord

### **Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling**

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

### **Kven er vurderar?**

12 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere grunnskulane i regionen i løpet av 3-4 år. Målet er 12 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

### **Kva gjer vurderarane?**

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### **Rapporten**

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



## 2 – Fakta om skulen

Tørvikbygd skule ligg like ved rv.49, ca 100 m sør for nedkøyringa til ferjekaien til Jondal.

Undervisning og administrasjon har helde til i 3 frittstående bygningar. Skulen vert for tida bygd om. Dei to eldste bygningane vert bygd saman med eit nybygg med to klasserom, garderobar m.m. Planlagd ferdig til jul 2008.

Det er i denne perioden litt provisoriske klasserom for dei minste som held til på skulekjøkenet. Elevar og lærarar må heile tida vera fleksible og godta endringar.

Skulen har elevar frå 1. - 7. årstrinn fordelt på 3 grupper. Skuleåret 2008 – 2009 har skulen 44 elevar.

Skulen har omlag 4,74 årsverk ved skulestart (7 lærarar og 1 assistent).

## 3 – Vurderingstema

Tørvikbygd skule har bede om vurdering på følgjande tema:

” Korleis kunna dokumentera måloppnåing i Kunnskapsløftet?”

Skulen ynskjer i arbeidet med dokumentasjon av måloppnåing å utarbeida skjema der kompetansemåla først i basisfaga er brote ned på kvart einiskild trinn og oppdelt i arbeidsperiodar dei har delt skuleåret i. Skjema er tenkt brukt for elevane sjølve og i kontakten mellom skule og heim.

## 4 – Kriterium / Kvalitetskrav

*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.*

*Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.*

*Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.*

<b>Kriterium</b>	<b>Teikn på god praksis</b>
Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Datanettet fungerer</li><li>2. Skulen vurderer jamleg praksisen sin på elevvurdering</li><li>3. Skulen har system for elevsamtalar</li><li>4. Skulen har system for dokumentasjon av elevane sin faglege ståstad</li><li>5. Skulen brukar regionen sin oppdeling av kompetansemåla på ulike trinn</li><li>6. Kompetansemåla i læreplanen er konkretiserte i læringsmål</li><li>7. Leiinga legg til rette for at lærarar og elevar kan samarbeida om vurdering</li><li>8. Skulen har utvikla vurderingskriterium for alle fag og sosiale mål på årssteg</li><li>9. Leiinga legg til rette for at lærarane kan samarbeida om mål og kjenneteikn for å utvikla eit tolkingsfellesskap kring vurdering</li><li>10. Lærarane drøftar metodar for å trene elevane systematisk i eigenvurdering</li><li>11. Opplæring og utprøving av ulike metodar for vurdering vert gjennomført og erfaringar delt i organisasjonen</li></ol>



<b>Kriterium</b>	<b>Teikn på god praksis</b>
Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Lærarane gir tilbakemeldingar om kvar elevane står i høve til kompetansemåla</li> <li>2. Tilbakemeldinga skildrar kompetansen til elevane (tydeleg skildring av kva dei meistarar)</li> <li>3. Tilbakemeldinga gir råd om korleis eleven kan heva kompetansen sin</li> <li>4. Vurderingane vert følgd opp</li> <li>5. Tilbakemeldingar/vurderingar er tema i elevsamtalar og samtalar med føresette</li> <li>6. Lærarane dokumenterer den einskilde eleven si faglege utvikling</li> <li>7. Læraren nyttar kunnskap om eleven sin faglege ståstad til planlegging av undervisninga</li> </ol>
Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Elevane er motiverte for skularbeid</li> <li>2. Elevane kjenner og har fokus på læringsmåla</li> <li>3. Elevane veit kva dei må gjera for å nå læringsmåla</li> <li>4. Elevane har fokus på arbeidsoppgåva</li> <li>5. Elevane kjenner vurderingskriteria i det einskilde fag</li> <li>6. Elevane får opplæring i å vurdere kva dei har lært</li> <li>7. Elevane får trening i å vurdere kva dei har lært jamleg ved hjelp av vurderingsark</li> <li>8. Elevane kan vurdere kvalitet på eige arbeid, kva dei faktisk meistarar og kva som kan gjerast betre</li> </ol>
Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Føresette opplever foreldresamtalen som nyttig</li> <li>2. Føresette opplever god dialog om barnet si utvikling og korleis dei lærer</li> <li>3. Skulen tar innspel frå heimen på alvor</li> <li>4. Føresette får orientering om korleis barna vert vurdert fagleg og sosialt</li> <li>5. Læringsmål og vurderingskriterium for dei ulike faga er tilgjengelege for føresette gjennom vekeplanar.</li> <li>6. Det er lett for føresette å setja seg inn i eleven sine arbeidsplanar</li> </ol>

## 5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Rektor og lærarar, elevar og foreldre
- Eksterne: Wenche L. Helland og Liv Kristoffersen

Dette er eit tema som, i tillegg til elevane, også impliserer lærarar og foreldre. Det er derfor naturleg at alle desse tre partar er med.

## 6 – Tidsbruk

*Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebear vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.*

*Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.*

<b>Tid</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>
Innan 10/9-08	Skulen i samarbeid med skuleeigar melder inn vurderingstema	Rektor
Veke 39	Vurderarane tek kontakt med skulen.	Vurderarane
Veke 40	Møte mellom vurderarane og skulen. Tidsplan og glansbilete.	Vurderarane / rektor
Veke 40	Tidsplan og forslag til glansbilete vert sendt skulen.	Vurderarane



Veke 41	Haustferie i Kvam Utarbeiding av evt. påstandsskjema til elevar og lærarar	Vurderarane
Veke 42	Vurderarane får tilsendt <ul style="list-style-type: none"><li>- kopi av arbeidsplanar/lekseplanar for to veker frå alle trinn</li><li>- tidspunkt for start og slutt på økter/timar</li><li>- oppsett over kontaktlærarar på ulike trinn</li><li>- klassestorleik</li><li>- resultat av elevundersøkinga (2007 og 2008)</li><li>- eventuelt ståstadanalyse</li><li>- døme på skriftlege vurderingar til elevar</li></ul>	Rektor
Veke 42	Skulen arbeider med glansbilete og teikn på god praksis. Gir respons til vurderarane.	Rektor
Veke 42	Påstandsskjema blir levert ut til lærarar og elevar.	Rektor
Veke 43	Oppsummering av påstandsskjema. Utarbeiding av materiell for samtale med elevar, foreldre og lærarar.	Vurderarane
<b>Måndag 27.10</b> Kl. 18.00-19.00	Møte med klassekontaktar/FAU	Rektor ansvar for innkalling
<b>Tysdag 28.10</b> 08.45 – 09.30 09.40 – 10.25 10.25 – 11.10 11.55 – 12.40 12.50 – 13.35 14.00 – 15.00 15.00 -	Observasjon Intervju 3./4. trinn Intervju 3./4. trinn Intervju 1./2. trinn Intervju 1./2. trinn Intervju lærarar Samtale med rektor	Rektor set opp tidsplan. Vurderarane gjennomfører tiltaka.
<b>Onsdag 29.10</b> 08.45 – 09.30 09.40 – 10.25 10.25 – 11.10 11.55 – 12.40 12.50 – 13.35 13.35 – 14.20 14.20 – 15.20	Observasjon Intervju 5./7. trinn Intervju 5./7. trinn Samtale med rektor Intervju med lærarar Rapportskriving	Rektor set opp tidsplan. Vurderarane gjennomfører tiltaka.  Vurderarane
<b>Torsdag 30.10</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Rapportskriving.</li><li>• Møte med rektor.</li><li>• Framlegging av rapport 14.00 – 15.30</li></ul>	Vurderarane

## 7 – Metodar

*For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.*

*For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek*



**Hardanger / Voss kompetanseregion**  
Vurderingsgruppa

*vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.*

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:*

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane verksemdsplan, vekeplanar, skjema for eigenvurdering, resultat av elevundersøkinga, informasjonsbrosjyre m.m.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

Påstandskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut påstandskjema til nokre av partane i vurderinga. Desse vart fylt ut av elevar og pedagogar, og returnert til vurderingsparet for oppsummering. Kunnskapen desse gav blei brukt som grunnlag for spørsmål i intervju med elevar og foreldre og møte med foreldre.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar. Vurderarane hadde intervju med elevgrupper frå 1. til 7. trinn og alle lærarar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane/FAU måndag 27/10. Dei blei delte i tre grupper som fekk utdelt seks påstandar. Gruppene valde sekretær og skreiv ned det dei meinte. Desse svara blei gått gjennom og godkjende av dei same foreldra i plenum.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid. Vurderarane har hatt møte med rektor i starten på alle vurderingsdagane. Rektor har blitt informert undervegs om framgangen i vurderinga. Dagsplanar har fått eventuelle justeringar.

Observasjon

Me observerte i alle grupper frå 1. til 7. trinn.



## 8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

### Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering

- ✓ Kompetansemåla i læreplanen er konkretiserte i læringsmål

Elevane, foreldre og føresette fortel om læringsmål på vekeplanar. Lærarane svarar i tillegg på påstandsskjema at læringsmåla er konkretiserte. Me såg at vekeplanane til alle klassane hadde konkretiserte læringsmål. Skulen har vist ein mal for forslag til felles vurderingsskjema der måla skal konkretiserast. Det er ikkje konkretisert læringsmål i alle faga, men me ser på det som ei strek side at skulen har starta på arbeidet med dette. Måla me har sett er stort sett konkrete og målbare.

- ✓ Leiinga legg til rette for at lærarane kan samarbeida om mål og kjenneteikn for å utvikla eit tolkingsfellesskap kring vurdering

Påstandsskjema viser at leiinga har lagt til rette for at lærarane kan samarbeida for å utvikla eit tolkingsfellesskap kring vurdering.

I intervju seier lærarane at dei har arbeidd i fellestid med å utvikla skjema for vurdering. Me har sett døme på eit læringsark som skal gi tilbakemelding om måloppnåing for den einskilde eleven.

Personalet har vedteke ein del moment om undervegsvurdering/tilbakemelding til elevar og føresette. Dei har lista opp element i undervegsvurderinga og korleis dei tenkjer seg eit arbeid med ein læringsperm som skal heim 9 gonger i året. Me ser verdien av at skulen utviklar felles skjema for tilbakemelding i høve til kompetansemåla. Skulen har planar om i første omgang å laga ferdige skjema for kapittel/emne i engelsk, norsk og matematikk. I skjemaet skal læringsmåla for det aktuelle tema/kapittel utarbeidast.

Me ser at dette kan vera eit svært omfattande arbeid når dette skal gjerast i alle emne i basisfaga og at det skal heim 9 gonger i året for alle elevane. Skulen har planar om å arbeida med å bryta ned kompetansemåla på planleggingsdagen 14. november. Eit problem kan vera at dei andre faga vert nedprioriterte og at t.d. elevane ikkje ser på dei andre faga som like viktige. Her må skulen gjera eit val. Det kan kanskje vera meir naturleg å senda læringsarka heim når eit eller fleire emne er avslutta.



## **Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring**

- ✓ Lærarane dokumenterer den einskilde eleven si faglege utvikling
- ✓ Lærarane gir tilbakemeldingar om kvar elevane står (i høve til kompetansemåla)
- ✓ Tilbakemeldinga gir råd om korleis eleven kan heva kompetansen sin
- ✓ Tilbakemeldingar/vurderingar er tema i elevsamtalar og samtalar med føresette

I påstandsskjema seier lærarane at dei gir elevane tilbakemeldingar om kva dei står i høve til kompetansemåla og at desse gir råd om korleis eleven kan heva kompetansen sin. Elevane seier at læraren skriv kva du kan tenkja på til neste gong.

Dei føresette seier at dei får fagleg og sosial tilbakemelding på foreldresamtalen.

I intervju seier lærarane at dei skriv faglærarkommentarar til foreldresamtalar, dokumenterer prøveresultat og skriv egne notat. Kontaktlærer har skriftlege vurderingar i alle fag til alle elevar på foreldresamtalen.

## **Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid**

- ✓ Elevane er motiverte for skulearbeid

Elevane svarar at dei er interesserte i å lære på siste elevundersøking. Dei gjer leksene sine og dei likar godt skulearbeidet sitt. Lærarane svarar det same i påstandsskjema.

- ✓ Elevane kjenner og har fokus på læringsmåla

Me såg vekeplan med læringsmål i klasseromma. I 1. – 4. klasse var det mål for engelsk, norsk og matematikk. I 5. – 7. klasse hadde dei fleste faga læringsmål. I intervju fortel elevane om mål på vekeplanane sine. Dei føresette veit at det står læringsmål på vekeplanane.

- ✓ Elevane har fokus på arbeidsoppgåva

Lærarane seier at elevane har fokus på arbeidsoppgåvene i påstandsskjema. Då me observerte i klassane såg me at elevane arbeidde konsentrert om oppgåvene sine.

- ✓ Elevane får trening i å vurdera kva dei har lært jamleg ved hjelp av vurderingsark

På baksida av vekeplanen til 1. og 2. klasse skal elevane gjera eigenvurdering ved å kryssa på smilefjes. I 5. – 7. klasse har elevane eigenvurdering og tverrfagleg test kvar veke.

Elevar og lærarar verkar motiverte og interesserte i dette arbeidet.



## **Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid**

- ✓ Føresette opplever foreldresamtalen som nyttig
- ✓ Føresette opplever god dialog om barnet si utvikling og korleis dei lærer
- ✓ Skulen tar innspel frå heimen på alvor

Føresette seier at dei opplever foreldresamtalen som nyttig. Av og til kan det vera for kort tid, men lærarane legg til rette for at føresette som ynskjer det kan få lengre tid på samtalen.

Før foreldresamtalar skal elevar saman med dei føresette førebu seg til samtalen gjennom eit skjema. Dei føresette seier at det er lett å ta kontakt med skulen. I intervjuet seier lærarar at mange føresette er interesserte, tar kontakt med skulen og følgjer opp mål.

- ✓ Læringsmål og vurderingskriterium for dei ulike faga er tilgjengelege for føresette gjennom vekeplanar
- ✓ Det er lett for føresette å setja seg inn i eleven sine arbeidsplanar

Dei føresette visste at alle klassane har læringsmål på vekeplanen og det er lett å setja seg inn i planane. "Det er berre å opna sekken...".



## 9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

### Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering

- ✓ Datanettet fungerer

Lærarane fortel om server dei ikkje får kontakt med, utskrifter som tar ekstremt lang tid og tregt Internett.

Digitale ferdigheitar er viktig i Kunnskapsløftet. Då må skulen ha eit system som fungerer. Dei bør få mogelegheit til å utnytta den digitale læringsplattforma It's learning betre.

Mykje av arbeid lærarar gjer er digitalt. Dei skal lagra digitalt i eit sikkert system. Samarbeid om fagleg dokumentasjon av elevar og arbeid med skuleutvikling krev eit datasystem og server som er tilgjengeleg heile tida.

- ✓ Skulen har system for dokumentasjon av elevane sin faglege ståstad

Lærarane seier i intervju at dette er litt opp til kvar lærar. Dersom dei brukar skjema, har dei gjerne laga dette sjølv.

Spreiing i svar i påstandsskjema frå lærarar kan tyda på at det ikkje er eit felles system på dette.

Lærarane fortalde om "finmapper". Me fekk sjå finmappene til elevar i 5. – 7. klasse. Elevane fortalde om dei når me spurde etter dei, men hadde ikkje så mykje å fortelja om dei. Dei hugsa ikkje når dei sist hadde lagt noko inni. Lærarar og elevar sa at det ikkje var noko fast som skulle inn, kor mykje og når. Skulen bør utbetra arbeidet med finmappene, slik at det vert systematikk i arbeidet og at alle fag vert representerte.

Det er laga skriftlege vurderingar til alle elevar i alle fag på foreldresamtalen. Det er kontaktlærar som har sitt eige system for oppbevaring av desse. Dersom ein skal seia at skulen har *system* for dokumentasjon, må oppbevaringa setjast i eit betre system. Alle må kjenna til dette systemet.

- ✓ Skulen har system for elevsamtalar
- ✓ Leiinga legg til rette for at lærarar og elevar kan samarbeida om vurdering

§-4a i Forskrift til opplæringslova seier at *læraren skal jamleg ha dialog med eleven om utviklinga i lys av § 1-2 i opplæringslova, generell del og prinsipp for opplæringa i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.*

Det er stor spreiing i påstandsskjema frå lærarar på spørsmålet om skulen har system for elevsamtalar.

I intervju seier lærarane at dei skal ha to samtalar i året i forkant av foreldresamtalene. Nokon fortel om dårleg samvit når det gjeld samtalar fordi dei ikkje er systematiske nok. Lærarane må sjølv finna tid til å gjennomføra samtalar. Det kom fram at skulen har eit potensial knytt til struktur og rammer i høve planlegging, gjennomføring og oppfølging av elevsamtalen. Dette omhandla til dømes manglande felles malar og uvisse i rammefaktorar.

Regelfaste samtalar om opplæringa har som mål å skape eit godt samarbeidsforhold mellom lærar og elev og på den måten leggje tilhøva til rette for eit godt lærings- og arbeidsmiljø. Samtalane skal verke rettleiande og



korrigerande både for eleven og læraren, med sikte på eventuelle forbetringstiltak for begge partar, slik at dei samla måla for opplæringa kan nåast. Det er derfor viktig at begge partar i fellesskap førebur og legg til rette samtalanane.  
Organisering av elevsamtalar var og eit utviklingsområde etter ekstern vurdering i 2005.

- ✓ Kompetansemåla i læreplanen er konkretiserte i læringsmål
- ✓ Skulen har utvikla vurderingskriterium for alle fag og sosiale mål på årssteg

I intervju fortel lærarane at dei gjer dette mest kvar for seg – dei har lite samarbeid og har nett starta arbeidet. På ein fådelt skule er det få å samarbeida med og det kan vera vanskeleg å finna felles trefftid.

Foreldra seier at læringsmåla er litt ulikt presenterte.

Me såg at det var læringsmål i engelsk, norsk og matematikk. Ein lærar har læringsmål i dei fleste faga.

Me har sett opp dette teiknet både som utviklings område og som ei sterk side.

Skulen har starta arbeidet, men manglar konkrete læringsmål i alle fag.

Det er viktig at faga har ei meir lik prioritering slik at det ikkje vert eit så tydeleg skilje mellom basisfaga og dei andre. Basisdugleikane gjeld i alle fag og ved sluttvurdering på 10. trinn, tel alle karakterar likt.

Læringsmåla er knytt til kompetansemål i Kunnskapsløftet. I arbeidet med å konkretisera læringsmål, må det visast til kva kompetansemål det høyrer til.

Dette kan t.d. gjerast på eigne målark, læringsark eller i halvårsplanar.

Når lærarar skal dokumentera grad av måloppnåing, er det nyttig å ha ferdige vurderingskriterier til dette. Eit vurderingskriterium beskriv kva kompetanse eleven har nådd. I Utdanningsdirektoratet sitt prosjekt *Bedre vurdeingspraksis*, testar dei ulike skulane ut modellar for utprøving av kjenneteikn på måloppnåing. Skulane har lagt ut noko av arbeidet sitt på [www.skolenettet.no/vurdering](http://www.skolenettet.no/vurdering).

- ✓ Lærarane drøftar metodar for å trena elevane systematisk i eigenvurdering
- ✓ Skulen vurderer jamleg praksisen sin på elevvurdering
- ✓ Opplæring og utprøving av ulike metodar for vurdering vert gjennomført og erfaringar delt i organisasjonen

Påstandsskjema viser spreining i svar på om lærarane drøftar metodar for å trena elevane systematisk i eigenvurdering.

I intervju seier nokon at lærarane *ikkje* diskuterer metodar for systematisk eigenvurdering, medan andre seier at det er dette som er fokus på torsdagane no. Nokon fortel om utvikling av felles skjema, men at ein kanskje går tilbake til det ein sjølv har i ettertid.

Lærarane ser på verdien av samarbeid for å utvikla felles system kring vurdering som kjempeviktig og er motiverte for dette arbeidet. Det er viktig å setja av tid til skuleutvikling som gjer at systematikken på elevvurdering og dokumentasjon av læring vert meir formalisert.

Det kan virka på oss som at personalet oppfattar fellestida som uforutsigbar med omsyn til om det er fellestid eller teamtid. Ofte kjem det opp saker via rektor med kort tilbagemeldingsfrist. I denne perioden har t.d. byggjesaker tatt mykje fellestid.

Det er viktig at personalet og rektor har ei felles forståing av korleis fellestida skal nyttast og innhaldet i tida. Det ein vert einige om i plenum må i etterkant følgjast opp av lærarar, rektor og teamleiarar.



## **Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring**

- ✓ Lærarane gir tilbakemeldingar om kvar elevane står i høve til kompetansemåla
- ✓ Tilbakemeldinga skildrar kompetansen til elevane (tydeleg skildring av kva dei meistrar)

På påstandsskjemaet er det spreing i kva lærarane seier om at elevane får tilbakemeldingar i høve til kompetansemåla.

I intervju seier dei at elevane får tilbakemeldingar, men at det er mest munnleg og ikkje sett i system. Elevane seier i intervju at lærarane skriv *fint, flott, bra og kjempeflott*.

Sjølv om teiknet er sett opp under streke sider, vil me ta det opp att her som utviklingsområde. Dette fordi me ikkje kan sjå at tilbakemeldingane er beskrivingar av korleis eleven står i høve til kompetansemåla.

I prosjektet *Betre vurderingspraksis* står det at dersom alle elevar skal få faglege tilbakemeldingar som er relevante for vidare læring, må dei handla om kva dei faktisk meistrar. Eit viktig prinsipp er difor at kjenneteikn på måloppnåing skal skildra kva elevane faktisk kan og ikkje det dei ikkje får til.

- ✓ Læraren nyttar kunnskap om eleven sin faglege ståstad til planlegging av undervisninga

I intervju med lærarane kjem det fram at dei kjenner elevane godt fordi det er få elevar. Dette gjer at planlegging i høve til eleven sin faglege ståstad ikkje er bevisst. Det kom fram at dei såg nytten av at dette vart meir bevisst. Formalisert erfaringsutveksling i kollegiet kan vera nyttig her.

## **Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid**

- ✓ Elevane veit kva dei må gjera for å nå læringsmåla

Det var ikkje alle elevane som sa noko om læringsmåla i intervju. Nokon snakka om kva som stod på timeplanen og kva lærar sa at dei skulle gjera. Dette kan tyda på at læringsmål har ulikt fokus i ulike klassar.

Lærarar sa i intervju at dei konkretiserte læringsmåla kan få for stort fokus hjå elevane. Dei er berre delar av kompetansemåla og ofte er dei få for at det skal vera overkommeleg med tverrfagleg prøve.

Me såg at det var lite av lærestoffet som var visualisert i form av t.d. plansjar på veggjar eller konkretiseringsmateriell. Dette kan vera med på å få tydelegare fokus på læringsmål ut over setninga på vekeplanen.

Kanskje kan det vera ein ide å skriva læringsmåla på ein større plakat og henga han opp.



- ✓ Elevane kan vurdere kvalitet på eige arbeid, kva dei faktisk meistrar og kva som kan gjerast betre
- ✓ Elevane kjenner vurderingskriteria i det ein skilde fag
- ✓ Elevane får opplæring i å vurdere kva dei har lært

I intervjusituasjonen har dei fleste elevar gjeve uttrykk for at dei, med få unntak, ikkje kjenner lærarane sine vurderingskriterium.

Det er viktig er at lærarane tydeleggjer det viktige med vurderingskriteria i daglegtalen med elevane. Til dømes "kva kjem eg til å sjå etter når eg skal skriva kommentar på arbeidet ditt" og " det er dette eg vil de skal visa meg at de kan". Oppsette kriterium vert på ein måte eit glansbilde for korleis produktet bør vera. Såleis kan ein måte å trene vurdering saman med eleven vera å sjekka eleven sitt produkt opp mot lista med kriterium – saman med eleven. Her trengst prøving og feiling.

### **Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid**

- ✓ Føresette får orientering om korleis barna vert vurdert fagleg og sosialt
- ✓ Læringsmål og vurderingskriterium for dei ulike faga er tilgjengelege for føresette gjennom vekeplanar

*Kunnskapsløftet s.35: Opplæringslova §1-2:*

*Heimen skal få informasjon om måla for opplæringa i faga, kva fagleg utvikling elevane har i forhold til måla, og korleis heimen kan medverke til å fremme måloppnåinga deira. Vidare skal heimen ha informasjon om korleis opplæringa er lagd opp, og kva for arbeidsmåtar og vurderingsformer som blir brukte. Det må også leggjast til rette for at foreldre og føresette får nødvendige opplysningar for å kunne delta i reelle drøftingar om utviklinga av skolen. (Oppl.l. § 1-2 og forskrift kap. 3)*

Dei føresette veit at elevane vert vurderte og dei seier at dei får fagleg og sosial tilbakemelding om barnet sitt. Dei seier vidare at dei ikkje veit kva lærarane legg til grunn for vurderingane.

Når dei føresette skal hjelpe barnet sitt med leksene, er det nyttig å vita kva lærar legg vekt på. Då har ein gitt føresette ein reell sjanse til å delta som medspelarar i eleven sitt læringsarbeid.

## **10 – Vidare arbeid**

*6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.*

Tørvikbygd, 30.10.08

Wenche L. Helland

Liv Kristoffersen



## Vedlegg 1

### Påstandsskjema for elevar på 5. – 7. steg

Dersom du er **heilt einig** i påstanden, kryssar du under 5.

Dersom du er **heilt ueinig**, kryssar du under 1.

Set **berre eitt kryss** ved kvar påstand.

Påstand	ueinig			einig	
	1	2	3	4	5
1	Eg trivest på skulen				
2	Eg likar å læra nye ting				
3	Eg har lyst til å gjera skulearbeidet mitt bra				
4	Eg snakkar med læraren om kva eg skal læra				
5	Eg har arbeidsplan med læringsmål for alle fag				
6	Eg samarbeider med læraren min om å laga mine eigne læringsmål				
7	Lærarane fortel meg kva dei ventar av meg				
8	Eg får hjelp av lærar til å setja meg mål som eg kan klara				
9	Lærarane gjev meg råd om korleis eg kan gjera arbeidet mitt betre				
10	Eg kan velja vanskegrad på arbeidet på arbeidsplanen				
11	Eg får trening i å vurdera arbeidet mitt i lag med lærar				
12	Eg kan vurdera mitt eige arbeid				
13	Eg får skriftleg kommentar frå lærar på innlevert arbeid				
14	Eg er budd på kva tema eg skal snakka med lærar om på elevsamtalen				
15	I elevsamtalen snakkar me om mi læring og korleis eg arbeider med faga				
16	I elevsamtalen snakkar me om trivselen min				
17	I elevsamtalen har lærar med arbeid eg har gjort som me snakkar ut frå				
18	Eg er med på å bestemma kva me skal snakka om i elevsamtalen				
19	Elevsamtalen gjer at eg lærer å sjå kva eg er god til og kva eg må arbeida meir med				
20	Elevsamtalen vert avslutta med ein avtale om kva eg skal jobba vidare med fram til neste elevsamtale				
21	Elevsamtalane gjer at eg lærer betre				



## Vedlegg 2

### Påstandsskjema for lærarar

Sett berre eitt kryss for kvar påstand

<b>Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring</b>	Ueinig				Einig
	1	2	3	4	5
Eg gir elevane mine munnlege tilbakemeldingar om kvar dei står i høve til kompetansemåla					
Eg gir elevane mine skriftlege tilbakemeldingar om kvar dei står i høve til kompetansemåla					
Tilbakemeldinga gir råd om korleis eleven kan heva kompetansen sin					
Eg følgjer opp tilbakemeldingane					
Eg dokumenterer den einkilde eleven si faglege utvikling					
Eg nyttar kunnskap om elevane sin ståstad til planlegging av undervisninga					

<b>Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid</b>	Ueinig				Einig
	1	2	3	4	5
Elevane er motiverte for skulearbeid					
Elevane har fokus på læringsmåla					
Elevane har fokus på arbeidsoppgåva					
Eg lærer elevane å vurdere kva dei har lært					
Eg gir elevane trening i å vurdere kva dei har lært					
Elevane er delaktige i planlegginga av læringsprosessen					
Elevane er delaktige i utforming av arbeidsplanen sin					
Elevane er bevisste på korleis dei lærer					

<b>Skulen har eit system som kvalitetssikrar elvvurdering</b>	Ueinig				Einig
	1	2	3	4	5
Skulen har system for elevsamtalar og utviklingssamtalar					
Skulen har system for dokumentasjon av elevane sin faglege ståstad					
Kompetansemåla i læreplanen er konkretiserte i læringsmål					
Leiinga legg til rette for at lærarar og elevar kan samarbeida om vurdering					
Leiinga legg til rette for at lærarane kan samarbeida om mål og kjenneteikn for utvikla eit tolkingsfellesskap kring vurdering					
På skulen vår drøftar me metodar for å trenar elevane i eigenvurdering					



<b>Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid</b>	<b>Ueinig</b>				<b>Einig</b>
	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>
Føresette får orientering om korleis barna vert vurdert fagleg					
Føresette får orientering om korleis barna vert vurdert sosialt					
Føresette møter alltid til utviklingssamtalar					
Føresette møter alltid til klasseforeldremøte					
Føresette held seg oppdaterte ved å lesa vekeplanar					
Føresette held seg oppdaterte ved å lesa tilbakemeldings-skjema					
Skulen har ein strategi for å fylgja opp føresette som ikkje deltar i samarbeid om barnet si faglege og sosiale utvikling					



### Vedlegg 3

## SAMTALEGUIDE FOR ELEVAR

Tørvikbygd skule

1. og 2. trinn

Tema: Korleis kunna dokumentera måloppnåing i Kunnskapsløftet?

KRITERIUM	SPØRSMÅL / PÅSTANDAR
	<b>Sei noko bra om Tørvikbygd skule</b> -
Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering	<b>Har de hatt elevsamtale?</b> <b>Kva er det? Kva snakkar de om?</b> -
Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring	<b>Korleis veit de kva de skal læra?</b> -
	<b>Kva skriv læraren når ho rettar bøkene dykkar?</b> -
	<b>Får de av og til skryt av lærar? Kva seier ho?</b> -
	<b>Fortel læraren kva de kan gjera betre? Kva seier ho?</b> -
Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid	<b>Kan du av og til fortelja til læraren din kva du synest om arbeidet ditt? Kva seier du då?</b> -
	<b>Kva er dei tre rundingane med fjes i på baksida av vekeplanen?</b> -
	<b>Kva må du gjera dersom du har kryssa på surt fjes?</b> -



## Vedlegg 4

# SAMTALEGUIDE FOR ELEVAR

Tørvikbygd skule

3. og 4. trinn

Tema: Korleis kunna dokumentera måloppnåing i Kunnskapsløftet?

KRITERIUM	SPØRSMÅL / PÅSTANDAR
	<b>Sei noko bra om Tørvikbygd skule</b>
Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering	<b>Har de hatt elevsamtale?</b> <b>Kva er det? Kva snakkar de om?</b>
Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring	<b>Korleis veit de kva de skal læra?</b>
	<b>Korleis får de vita om de har lært det de skal? (Kven seier/skriv noko? Kva?)</b>
	<b>Kva skriv læraren når ho rettar bøkene dykkar?</b>
	<b>Får de av og til skryt av lærar? Kva seier ho?</b>
	<b>Fortel læraren kva de kan gjera betre? Kva seier ho?</b>
Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid	<b>Kan du av og til fortelja til læraren din kva du synest om arbeidet ditt? Kva seier du då?</b>



## Vedlegg 5

# SAMTALEGUIDE FOR ELEVAR 5./6./7. STEG

## Tørvikbygd skule

Tema: Korleis kunna dokumentera måloppnåing i Kunnskapsløftet?

KRITERIUM	SPØRSMÅL / PÅSTANDAR
	<b>Sei noko bra om Tørvikbygd skule</b>
Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering	<b>Fortel oss om elevsamtalar (kor mange har de i året, kva snakkar de om i samtalanene, korleis kan de førebu dykk til samtalanene).</b> <b>Fortel oss om foreldresamtalar (kor mange har de i året, kva snakkar de om i samtalanene, korleis kan de førebu dykk til samtalanene).</b>
Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring	<b>Fortel lærarane kva dei ventar av den enkelte av dykk i dei forskjellige skulefaga? Korleis veit de kva de skal læra?</b>
	<b>Fortel læraren deg på førehand kva han legg vekt på når han skal vurdere arbeidet ditt? Kva ser lærar etter når han rettar?</b>
	<b>De får skriftleg tilbakemelding på arbeid (evt. prøvar) de har levert. Kva skriv lærarane i desse tilbakemeldingane?</b> <b>Hjelper desse kommentarane dykk til å gjera betre arbeid neste gong?</b>
	<b>Læraren seier noko til dykk om arbeid de gjer kvar dag (i timane). Kva seier lærar?</b>
Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid	<b>Skal de av og til vurdere eige arbeid? Evt. korleis gjer de dette?</b>
	<b>Når får de vera med å vurdere arbeidet dykkar i lag med lærar?</b>



## Vedlegg 6

# SAMTALEGUIDE FOR FØRESETTE

## Tørvikbygd skule

Tema: Korleis kunna dokumentera måloppnåing i Kunnskapsløftet?

Kriterium: Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid

<b>PÅSTANDAR OG INNSPEL</b>
<b>1. Sei noko som er bra med Tørvikbygd skule</b> -
<b>2. Føresette opplever foreldresamtalen som nyttig</b> -
<b>3. Føresette opplever god dialog om barnet si utvikling og korleis dei lærer</b> -
<b>4. Skulen tar innspel frå heimen på alvor</b> -
<b>5. Føresette får orientering om korleis barna vert vurdert fagleg og sosialt</b> -
<b>6. Læringsmål og vurderingskriterium for dei ulike faga er tilgjengelege for føresette</b> -
<b>7. Det er lett for føresette å setja seg inn i eleven sine vekeplanar</b> -



## Vedlegg 7

# SAMTALEGUIDE FOR LÆRARAR

## Tørvikbygd skule

Tema: Korleis kunna dokumentera måloppnåing i kunnskapsløftet?

KRITERIUM	SPØRSMÅL / PÅSTANDAR
Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering	<b>Fortel oss om skulen sitt system for elevsamtalar og utviklingssamtalar</b>
	<b>Kva system har skulen for dokumentasjon av elevane sin faglege ståstad?</b>
	<b>Korleis konkretiserer de kompetansemåla i læreplanen til læringsmål (kven gjer det? Kvar står dei)?</b>
	<b>Korleis legg leiinga til rette for at lærarar og elevar kan samarbeida om vurdering?</b>
	<b>Korleis legg leiinga til rette for at lærarane kan samarbeida om mål og kjenneteikn for å utvikla eit tolkingsfellesskap kring vurdering?</b>
	<b>Korleis samarbeider lærarane om: Vurderingskriterium?</b>
	<b>Metodar for systematisk eigenvurdering?</b>
Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring	<b>Fortel oss om korleis de ser på verdien av at lærarane samarbeider om utvikling av vurderingskriterium og metodar for vurdering/eigenvurdering</b>
	<b>Korleis gir de tilbakemeldingar til elevane om kvar dei står i høve til kompetansemåla?</b>
	<b>Korleis følgjer de opp tilbakemeldingane?</b>
	<b>Korleis dokumenterer de elevane sin faglege ståstad?</b>
	<b>Korleis nyttar de kunnskap om eleven sin faglege ståstad til planlegging av undervisninga?</b>
Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid	<b>Korleis får elevane tilbakemelding om kvar dei står i høve sosiale mål?</b>
	<b>Kva gjer de som lærarar for at elevane skal kjenna og ha fokus på læringsmåla?</b>
	<b>Korleis veit elevane kva de vurderer i eit emne (kjenner til vurderingskriteria)?</b>
Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid	<b>Korleis får elevane dykkar opplæring og trening i eigenvurdering?</b>
	<b>På kva måte får dei føresette tilbakemelding om korleis barna deira står fagleg og sosialt?</b>
	<b>Korleis gjer de læringsmål og vurderingskriterium kjende for dei føresette?</b>
	<b>Korleis oppfattar dei føresette si oppfølging i barna sitt læringsarbeid?</b>